

1998-2023
- 25 år -



OPPLÆRINGS-
KONTORET

FOR OFFENTLEG SEKTOR
I SOGN OG FJORDANE

Årsmelding 2023



© OKOS, Førstehjelpskurs oktober 2023

Innhald

<i>Forord</i>	3
<i>Innleiing</i>	4
<i>Medlemsbedrifter 2023</i>	5
<i>Fagbrev og kontraktar</i>	5
<i>Rekruttering</i>	6
<i>Internasjonalisering</i>	8
<i>Kurs og samlingar</i>	8
<i>Krav til systemkompetanse hos faglege leiarar</i>	8
<i>Samarbeidsavtale med Førde vidaregåande skule</i>	9
<i>Helsepersonellkommisjonens dokument NOU 2023: 4</i>	9
<i>OKOS-nytt</i>	9
<i>Økonomi</i>	9

Vedlegg: Samarbeidsavtale med Førde vgs. for 2023-30.06.24

Forord

Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane (OKOS) har frå 01.01.2020 vore drifta som eit Samvirkeforetak (SA), noko som vi tenkjer er med å gje medlemsbedriftene auka moglegheiter til styring og utvikling av OKOS.

Den største utfordringa vår har vore å få på plass nok ressursar inn i drifta. Dette har vi lukkast med då vi tidleg dette året fekk tilsett ny administrasjonssekretær.

Vi har hatt ei stabil medlemsmasse, men håpar å kunne rekruttere inn fleire medlemsbedrifter i åra framover.

Visjonen for opplæringskontoret er å bidra til at offentlig sektor skal vere ein attraktiv arbeidsplass, både no og i framtida. Dette gjer vi ved støtte bedriftene i læringsarbeidet, og lærlingane i utviklinga fram mot eit fagbrev.

Helsepersonellkomisjonen sitt arbeid i NOU 2023:4 «Tid for handling» peikar på utfordringane kommunar, og helseføretak vil stå i når det gjeld behov for auka kompetanse, rekruttering til helse- og omsorgstenestene, og mangel arbeidskraft i åra framover.

Med hovudvekt av kontraktar innanfor helse- og oppvekstfag, yter OKOS eit viktig bidrag til utdanning av fagarbeidarar til deler av offentlig tenesteproduksjon sine viktigaste yrkesgrupper. NOU-2023:4 Tid for handling syner at behovet for læreplassar vil auke i framtida, og OKSO må ta ei tydeleg og aktiv rolle i dette arbeidet.

Drifta vår syner god oppfølging av lærlingane og medlemsbedriftene med tilrettelegging av både fysiske og digitale kurs i tillegg til direkte oppfølging ute i den enkelte kommune. Medlemsbedriftene har dei siste åra hatt ein betre kontinuitet i etterspørsel av lærlingar, dette er, og vil vere viktig faktor for drift av OKOS.

Det er all grunn til å tru at OKOS vil kunne gje eit godt bidrag til fag- og yrkesopplæringa i åra framover.

14.mars 2024



Styreleiar

Innleiing

Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane (OKOS) legg med dette fram si årsmelding for driftsåret 2023.

Kontoret er den største nettverksorganisasjonen innan fagopplæring for offentlig sektor i Sogn og Fjordane.

Styret har i perioden hatt 4 møte, samt årsmøte.

Organisasjonen sine [vedtekter](#) er det formelle grunnlaget for OKOS si verksemd.

På vegne av sine medlemsbedrifter er OKOS, saman med sine medlemsbedrifter, juridisk ansvarleg for omlag 80 lærekontraktar innan helse og oppvekst spesielt.

Administrasjon og kvalitetssikring av lærlingordninga er viktige driftsoppgåver.

Sentrale arbeidsområde for kontoret har vore formidling av søkarar til læreplass, etablere og vedlikehalde kontraktar for det enkelte læreforhold, kursverksemd for lærlingar og instruktørar, oppfølging og kvalitetssikring av lærlingordninga, ivareta tilrettelegging av spesialundervisning, samt rådgjeving til medlemsbedriftene.

Styret

Styret består av 5 medlemmar, 4 frå medlemsbedriftene og 1 frå Fagforbundet. Medlemmane blir valt for 2 år om gangen slik at berre halvparten av medlemmane er på val kvar gong.

Styreleiar er på val kvart år.

Styret har i perioden april 2023 – til årsmøtet i april 2024 hatt denne samansetninga:

Anne Kristin Førde	Styreleiar (Bremanger kommune)
Ingvard Andreas Flekke	Nestleiar (Fjaler kommune)
Dagun Muri	Medlem (Sunnfjord kommune)
Frode Merkesvik	Medlem (Høyanger kommune)
Magne Hestad	Medlem (Fagforbundet)
Tova Kjæmpenes	1. varamedlem (Askvoll kommune)
Elin Garnes Solås	2. varamedlem (Hyllestad kommune)
Sigrun Bøe Perez	Varamedlem (Fagforbundet)

Sekretariat/administrasjon

Dagleg leiar: Hans-Børge Lillehaug

Administrasjonssekretær: Malene Vie Hovland, tilsett frå 1. februar

Medlemsbedrifter 2023

Bedrifter som driv fagopplæring i relevante fag for sektoren kan søke om medlemskap.

Pr. 31.12.2023 var disse 9 lærebedriftene tilknytt opplæringskontoret:

Askvoll kommune
Bremanger kommune
Fjaler kommune

Gulen kommune
Hyllestad kommune
Høyanger kommune

Solund kommune
Sunnfjord kommune
Vik kommune

Sande barnehage og Vassenden barnehage SA har i periode sagt opp sitt medlemskap, da dei ikkje har planlagt rekruttering av lærling i nær framtid.


Fagbrev og kontraktar

Fullførte fagbrev

Oversikten under viser fullførte fagbrev pr. fag dei siste 5 åra.

Faga innafor helse og oppvekst (HEA, BUA) er naturleg nok dominerande, da dei er sentrale i den kommunale tenesteproduksjonen. Datafaget hadde ingen fagprøver i 2022 og 2023, hovudsakeleg på grunn av at fylkeskommunen vidareførte sitt lærlingarbeid i eigen regi.

Det tar normalt 2 år med læretid før kandidaten kan gå opp til fagprøven.




Fagprøveresultat - Kvalitetsutvikling i helse- og oppvekstfaga

I perioden 1997-2023 har 909 kandidatar i 14 ulike fag fullført si fagopplæring.

I 2023 var det 42 kandidatar (2022:34) som fullførte si utdanning, . Av desse var det 27 (2022: 16) som fekk vurdert prøva til bestått mykje godt.

Figuren under viser prosentvis andel av kandidatar som har fått vurdert sin fagprøve til mykje godt bestått pr. fag.



Som ein ser av diagrammet over er 3 av 4 kandidatar i helsearbeidarfaget gitt høgste vurdering. Dette er ein markert forskjell samanlikna med dei 4 tidlegare åra. Det er fylkeskommunen sine prøvenemnder som på sjølvstendig grunnlag gjennomfører vurderingane.

Sekretariatet har ingen forklaring i den betydelege positive auken i vurderingane i helsearbeidarfaget.

Rekruttering


Medlemsbedriftene melder inn sitt behov for nye lærlingar til opplæringskontoret kvart år. OKOS formidlar og oppdaterer [oversikt](#) over aktuelle arbeidsgjevarar og fag på heimesida.

I tillegg til bedrifta si eiga annonsering blir oversikta over ledige læreplassar også formidla direkte til aktuelle kandidatar i faga. Kandidatane må søke læreplass til dei aktuelle arbeidsgjevarane som veljar sine kandidatar.

Opplæringskontoret klargjer lærekontraktane for digital signering med bakgrunn i gitte arbeidsavtalar og vandelsattest.

Fylkeskommunen godkjenner til slutt kontraktane med bakgrunn i regelverk fastsett av Udir.


Oversikten under viser samsvaret mellom ønska/annonserte læreplassar og faktisk tal lærlingar som blei tilset same året.



Det samla tal ledige læreplassar har vore stabilt dei siste 5 åra, men med noko variasjon mellom medlemsbedriftene.

I tillegg til dei 42 annonserte lærekontraktane for 2024 er det også aktuelt med om lag 8 kontraktar etter Fagbrev-på-jobb regelverket i reinhaldsoperatørfaget. Totalt er det dermed aktuelt med 50 nye lærekontraktar i 2024.

Rekrutteringa i 2022 og 2023 blei fordelte på dei aktuelle faga slik:



Pr. 31.12.23 hadde OKOS til saman 74 aktive kontraktar. Av desse var om lag 20 % menn.

Internasjonalisering

OKOS gjennomførte våren 2023 utplassering av 3 lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget over 3 veker i barnehagar i Tallinn, Estland. 2 av lærlingane kom frå Gulen kommune, den siste frå Fjaler.

Val av kandidatar var gjort i samarbeid med bedrifta og opphaldet var ein del av lærekontrakten.

Arbeidsoppgåvene var forhandla med dei aktuelle barnehagane før avreise og inneheld følgjande prioriterte område (her omtala direkte frå avtaledokumentet):

- Plan and execute measures and activities that promote mental and physical health of children.
- Carry out measures that can contribute to preventing loneliness, bullying and discrimination.
- Cooperate with colleagues in activities and measures for children.
- Use observation and motivation as tools in planning and execution of the work.
- Adapt play, sports, and outdoor activities in a different environment.

Både lærlingane og bedrifta var godt fornøgd med opphaldet og anbefalte ei vidareføring av dette programmet..



Erasmus+
Enriching lives, opening minds.

Tiltaket er i hovudsak finansiert av EU-midlar gjennom [Erasmus+](#), EU sitt program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett.

Vestland fylkeskommune [assisterer administrativt](#) med tildeling av midlar til reise og opphald for deltakarane, samt overordna rapportering til EU.

Arbeidet med internasjonalisering gir viktig fagleg utbytte for deltakarane, men må også sjåast på som eit omdømme- og rekrutteringstiltak for medlemsbedriftene. Nye utplassingar er derfor under planlegging for 2024 og seinare.

Helsearbeidarfaget vil da også bli forsøkt inkludert.

Kurs og samlingar

OKOS har i 2023 vidareført sine kurs for lærlingar, instruktørar og faglege leiarar.

Kursinnhaldet har ei stor fagleg bredde, så det er derfor nødvendig å samarbeide med ei rekke institusjonar og enkeltpersonar for å sikre eit godt fagleg utbytte.

OKOS har så langt betalt alle kostnadane med planlegging og gjennomføring av kursa.

Kursa blir marknadsført direkte til aktuell målgruppe og påmelding blir ivaretatt gjennom eit eige webbasert påmeldingssystem via heimesida vår.

Krav til systemkompetanse hos faglege leiarar

Faglege leiarar for lærekontraktar har gjennom si underskrift ei rolle når det gjeld planlegging, gjennomføring og evaluering av eit læreløp. Denne funksjonen er viktig for den enkelte lærling, aktuelle instruktørar og lærebedrifta.

Fylkeskommunen har derfor generelt innført obligatorisk opplæring av faglege leiarar som no er nødvendig for å få vidareført si godkjenning eller bli godkjent som ny i rolla.

Opplæringa består av eit kortare webbasert kurs (fase 1), samt ei dagssamling, fysisk eller som webinar (fase 2). Faglege leiarar som gjennomfører opplæringskontoret sitt instruktørkurs vil få godkjent fase 2 direkte.

Samarbeidsavtale med Førde vidaregåande skule

Frå og med januar 2023 blei Hafstad vgs og Mo og Øyrane vgs samanslått til Førde vidaregåande skule.

Skolen har om lag 1000 elevar og opplæringskontoret fekk i desember 2022 på plass ein samarbeidsavtale innan fagopplæring med avdeling for helse og oppvekst.

Avtalen er gyldig til 30. juni 2024 og skal da reviderast. Samarbeidsavtalen inngår som vedlegg til årsmeldinga.

Helsepersonellkommissjonens dokument NOU 2023: 4

Tid for handling — Personellet i en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste

Kommisjonen leverte 2. februar 2023 si vurdering av behova for personell og kompetanse frem mot 2040. Her har kommisjonen sett nærmare på ei rekke tiltak for å utdanne, rekruttere og behalde personell i helse- og omsorgstenestene på kort og lang sikt.

Sekretariatet meiner at desse vurderingane ikkje er tilstrekkeleg belyst lokalt og ønsker derfor å komme tilbake til dette på ein passande måte hausten 2024.

OKOS-nytt

Omlag 4-5 gangar pr. år blir det publisert nyheitsblad med omtale av opplæringskontoret sine aktivitetar og anna informasjon. Målgruppa var innleiingsvis medlemsbedriftene og aktive lærlingar, men dette vil no bli utvida til alle interesserte. Det vil derfor bli lagt opp til at mottakarane sjølv kan melde seg på eller av distribusjonslista. OKOS-nytt er også [tilgjengeleg](#) på heimesida.

Økonomi

Utbetaling av tilskot til medlemsbedriftene

Det blei utbetalt omlag 3,73 mill. (3,84 mill. i 2022) til medlemsbedriftene i ordinært lærlingtilskot.

Rekneskapen

Resultatrekneskapen for driftsåret 2023 viser eit underskot på kr 600 381.-

Resultatet er likevel kr 254 619.- betre enn budsjettet, da det for 2023 var berekna eit underskot på kr 855 000.- med inndekking i eigenkapitalen.

Bankinnskott i Sparebanken Sogn og Fjordane pr. 31.12.2023 er bokført med kr 3 038 838,88 inklusiv skattetrekkonto på kr 75 810.-

I balansen pr. 31.12.23 er sum Eigendelar oppført med kr 3 110 648.-

Viser til revisjonsmelding og revidert rekneskap for detaljar.

Samarbeidsavtale

Periodiske tiltak med tidsplan 2023

- Velkomst-/informasjonsmøte med VG1-elevane i helse og oppvekst (HO) ved skulestart/haust
- Informasjonsmøte med VG1-elevane (HO) i januar/februar
- Møte med VG2-elevane i barne- og ungdomsarbeidarfaget (BUA) ved skulestart/haust
- Møte med VG2-elevane i helsearbeidarfaget (HEA) ved skulestart/haust
- Rekrutteringsmøte med VG2-elevane (BUA) i januar/februar
- Rekrutteringsmøte med VG2-elevane (HEA) i januar/februar
- Evaluering og oppdatering av samarbeidsavtalen ved årsskiftet

Prosjekt skuleåret 23/24

- Avklare framtidig bruk av dokumentasjon for YFF i helsearbeidarfaget for skuleåret 2023/24
- Kvalitetssikre YFF-utplasseringane i bedrift
- Vurdere tiltak som skal auke bruken av gjeldande hospiteringsordning i skule og bedrift

På oppfordring frå skule eller OKOS

- Bedriftsrepresentantar deltar i undervisning på skulen
- Undervisningspersonale gjennomfører temabasert undervisning/orienteringar

Mål for samarbeidet

Føremålet med avtalen er å legge til rette for eit styrka og systematisk samarbeid mellom skulen og OKOS, med mål om å sikre rekruttering frå skule og inn til læreplassar i offentlig sektor, fortrinnsvis innan Helsearbeidarfag (HEA) og Barne- og ungdomsarbeidarfag (BUA).

Gyldig til 30. juni 2024

For skulen: Reidun Kristiansen, avdelingsleiar Helse og oppvekst

For OKOS: Hans-Børge Lillehaug, dagleg leiar